



**ArkivSak:** 20/228  
**JournalpostID:** 20/1553  
**ArkivID:** PlanID -  
0543R145, K2 -  
Q10, K2 - L12  
**Saksbehandlar:** Kenneth Monsen  
**Dato:** 05.03.2020

## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 018/20  | Formannskapet | 12.03.2020 |
| 011/20  | Kommunestyret | 26.03.2020 |
| 027/20  | Kommunestyret | 23.04.2020 |

## Godkjenning av reguleringsplan E-16: Rønsvegen-Kongevegen

### Vedlegg:

|            |  |        |
|------------|--|--------|
| 21.04.2020 | E16 Planbeskrivelse_sorlige_april                          | 123383 |
| 21.04.2020 | E16 ROS-analyse Røn  | 123384 |
| 21.04.2020 | E16 Røn Plankart og bestemmelser                           | 123385 |
| 21.04.2020 | E16-Røn-støy   | 123386 |
| 21.04.2020 | Merknadsrapport_sorlige_april                              | 123387 |
| 21.04.2020 | Hande-Øylo - Rapport - Overvannshåndtering Einang-Ulnes_v2 | 123404 |

### Saksutgreiing:

Statens vegvesen har sendt ut fleire reguleringsplanar på høyring som gjeld E16. 3 av dei planane gjeld E16 i Vestre Slidre – sjå vedlagt kart.

Dette er planar som er lagt ut frå statleg hald, og følgjer då ikkje vanleg kommunal saksbehandling, dette til info. Ved statleg utlegging av reguleringsplanar er det (i dette tilfellet) Statens Vegvesen (SVV) som utarbeider plandokumenta, varsler planoppstart samt tek inn innspill til 1. gongs utlegging. Vidare er det og SVV som legg ut planen til offentleg ettersyn, samt tek imot innspill som dei sjølv vurderar. Kommunens saksbehandling startar ikkje før reguleringsplanen vert oversendt for endeleg godkjenning, der kommunestyret skal eigengodkjenne denne planen på same måte som elles.

Følgjande vurdering vart lagt til grunn ved kommunen si uttale I desember 2019:

#### E16 RØN: Rønsvegen - Kongevegen

*Det synes noko uavklara kvar grense skal gå mellom privat veg og offentleg veg ved tilkopling til Kongevegen. Dette er dog noko ein kan ta opp i fremtidig sak om nedklassifisering.*

*Administrasjonen har forespurt SVV v/ Westerbø om det kjem endringar gjennom denne planprosessen på dei 2 etablerte fotgjengar-overgangane som er i Røn. Det er bekrefta at planprosessen ikkje skal endre på dette.*

*Gjennom dialog med SVV har administrasjonen og fått bekrefta at høgde profilen på Fosheimvegen sin tilkopling til E16 ikkje skal verte meir bratt enn det som finst i dag.*

*Når det gjeld praktisk gjennomføring av gangveg frå Bensinstasjonen i Røn (BP) frem til Rønsvegen, er det uheldig at det er regulert inn såpass stor «anna vegareal» mellom E16 og bustadhuset på G/Bnr 85/24 (Totlandsdal). Administrasjonen har tidlegare vore i dialog med grunneigarar her, og det er ei viss vilje til å kunne akseptere tiltaket med gangveg dersom det ikkje kjem for nære huset.*

Sidan SVV i utgangspunktet ikkje skal byggje denne gangvegen, er det viktig å kunne få ein plan som ein lokalt aksepterar sidan det er vanskeleg for kommunen i ettertid å kunne komme til einigheit med grunneigarar om det vert regulert inn for stor skulder mot bilveg/kjem for nære huset.

Med det som utgangspunkt ynskjer administrasjonen å stille krav til SVV om ein omregulering slik at verknaden vert redusert for G/Bnr 85/24. Dette er det einaste huset som vert såpass påverka av næringføring, og det burde kunne gjerast ein tilpassing her som gjer at ein får til å byggje denne gang- og sykkelvegen etter plangodkjenning.

Alternativet her er at kommunen og SVV finn ein samordna løysing som ivaretek at det faktisk vert bygd ein gangveg frå BP til Rønsvegen, eventuelt med eit kommunalt tilskott.

#### Generelt:

Følgjande er henta frå planskildring:

#### **2.4 Tiltak for kollektivreisende**

Holdeplasser som er mye brukt vil i byggeplanfasen bli vurdert oppgradert med leskur og universell utforming etter konkrete vurderinger av nytte opp mot kostnader.

For Vestre Slidre sin del er det nokre få busshaldeplassar som skiljer seg ut med mange born.

Følgjande skisse syner fremskrevne tal på born ved busshaldeplass:

| Busshaldeplassar langs E-16 |               |           |           |           |           |           |
|-----------------------------|---------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Stad                        | Tal på elevar |           |           |           |           |           |
|                             | 2018/2019     | 2019/2020 | 2020/2021 | 2021/2022 | 2022/2023 | 2023/2024 |
| Vistelund                   | 2             | 2         | 1         | 0         | 0         | 0         |
| Fjordheim                   | 4             | 4         | 4         | 2         | 2         | 2         |
| Storhaug                    | 1             | 1         | 1         | 0         | 0         | 0         |
| Røn Samfunn                 | 21            | 25        | 25        | 24        | 21        | 20        |
| Hagali                      | 1             | 0         | 0         | 0         | 0         | 0         |
| Reie                        | 4             | 3         | 2         | 2         | 1         | 0         |
| Hande                       | 4             | 3         | 3         | 3         | 2         | 2         |
| Jarstad                     | 3             | 3         | 2         | 2         | 0         | 0         |
| Hjelle                      | 6             | 6         | 5         | 4         | 3         | 3         |
| Olstad                      | 5             | 5         | 5         | 5         | 5         | 4         |
| Kvåle                       | 3             | 3         | 3         | 3         | 3         | 2         |
| Løkje                       | 1             | 1         | 1         | 0         | 0         | 0         |
| Kvamshall                   | 4             | 4         | 3         | 3         | 2         | 2         |
| Lomen stavkyrkje            |               |           | 1         | 1         | 1         | 2         |
| Lomen kyrkje                | 4             | 3         | 3         | 3         | 3         | 3         |
| Stee Lomen                  | 14            | 12        | 12        | 11        | 11        | 9         |
| Riste bru E-1               | 1             | 0         | 0         | 0         | 0         | 0         |

Her skiljer Røn samfunnshus og Lomen Auto seg ut som 2 busslommer med særskildt mange born. Ein bør i byggefasen prøve å få til leskur på desse angitte stedene.

Følgjande høyringsuttale vart oversendt SVV som følgje av vedtak KS-100/19:

Kommunestyret i Vestre Slidre kommune gjev følgjande uttale til reguleringsforslag for E16 for strekningane: Rønsvegen-Kongevegen, Einang – Reiesvingen samt Hålimoen – Hausåker:

1) Kommunestyret stiller krav til SVV om ein tilpassing av reguleringsforslaget slik at verknaden av nærføring vert redusert for G/Bnr 85/24. Ny tilpassing må gjere at ein i praksis får til å byggje denne gang- og sykkelvegen etter plangodkjenning. Alternativet her er at kommunen og SVV finn ein samordna løysing som ivaretek at det faktisk vert bygd ein gangveg frå BP til Rønsvegen, eventuelt med eit kommunalt tilskott.

2) Kommunestyret stiller krav til meir utvida skulder i Kvålsgrenda. Kommunestyret ber om at det blir ei avslutning av gangveg/ tilførselsveg ved Kvåle E16 på ein god og trafikksikker måte nede ved E16 og at det ikkje blir færre meter med gangveg ved Kvåle etter utbygginga.

*Kommunestyret ber i tillegg om ei løysing med utvida skulder fram til og med eksisterande gang- og sykkelveg.*

*3) For å unngå at elevar kryssar veg ved overføring av elevar mellom skulebussar i kryss E16/ Ellestadvegen må det finnast løysing slik at to bussar kan stå trafikkikkert på einssidig busshaldeplass ved krysset.*

*4) Ber SVV planlegge/legge til rette for 3-5 parkeringsplasser for busspassasjerer ved den nye bussholdeplassen sør for gnr/bnr 74/10.*

*5) Kommunestyret stiller krav til at det etableres leskur i byggjefasa på busshaldeplassane ved Røn Samfunnshus og Lomen Auto.*

### **Vurdering:**

Kommunen har no motteke planforslag til godkjenning frå Statens vegvesen.

Ang pkt 1 i vedtaket til høyring, har SVV take på seg gjennomføring av grunnerherv på strekningen for fremtidig gangveg frå BP til Rønsvegen. Dermed er dette ivaretake.

Ang pkt 4 i vedtaket til høyring har SVV uttala at nemde parkeringsplassar sør for 74/10 inngår i planformålet, og det er då ingenting i veien for at dette kan etablerast.

Ang pkt 5 i vedtaket til høyring inngår det normalt sett ikkje i reguleringsplan om tiltak faktisk skal byggjast. I så fall må det etablerast rekkefølgeføresegn som faktisk sikrer dette, og det vil i så fall krevje nytt offentleg ettersyn å legge dette inn som eit krav i reguleringsføresegna. Administrasjonen tilrår heller ein dialog med SVV om det konkrete behovet, og på den måten sikre at det vert bygd gjennom dette prosjektet eller gjennom eigne postar knytt til E16.

Det er komme forslag frå interessegruppa i Røn V/ Olle Rosendal om ein kulvert ved Fosheimkrysset. Dette er noko administrasjonen/politisk leiing og SVV har sett på saman, og ser ut som eit godt forslag frå interessegruppa. Ved synfaring vart ein enig med SVV om at dette skal takast med i reguleringsplanen, noko SVV sier er innpassa i det reguleringsforslaget som no skal vedtakast

Imidlertid finn SVV at dette ikkje ligg innafor den økonomiske ramma til prosjektet, og er heller ikkje innafor den bestillinga dei har fått frå eigar av prosjektet. Det inneber at kulvert/tilhøyrande gangveg vert regulert inn, men ikkje bygd gjennom dette prosjektet.

Administrasjonen legg opp til å godta reguleringsforslaget slik det er lagt frem utan rekkefølgeføresegn (dette krev i så fall ny høyring og meir tidsbruk), og gå i dialog med SVV/andre rørde partar etter planvedtak for finne gode løysingar i etterkant.

Oppsummert tilrår administrasjonen at SVV sitt planframlegg vert eigengodkjent utan endringar.

### **Forslag til vedtak:**

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner fremlagt reguleringsplan for E16 Rønsvegen – Kongevegen, jfr plan- og bygningslova § 12-12

### **Formannskapet 12.03.2020:**

#### **Behandling:**

Tilleggsforslag 1, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet

Kommunen forutset at undergang ved Fosheimskrysset med tilhøyrande gangveg blir lagt

inn i plankartet

Tilleggsforslag 1: Samrøystes  
Forslag til vedtak med tillegg: Samrøystes

**FS- 018/20 Vedtak:**

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner fremlagt reguleringsplan for E16 Rønsvegen – Kongevegen, jfr plan- og bygningslova § 12-12. Kommunen forutset at undergang ved Fosheimskryssset med tilhøyrande gangveg blir lagt inn i plankartet

**Kommunestyret 26.03.2020:**

**Behandling:**

Utsetjingsforslag, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet  
Saka vert utsett.

Utsetjingsforslag: Samrøystes

**KS- 011/20 Vedtak:**

Saka vert utsett.

**Kommunestyret 23.04.2020:**

**Behandling:**

Tilleggsforslag 1, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet og ser det som heilt nødvendig at undergang blir bygd i samband med prosjektet. Kommunestyret meiner det er naturleg at Statens vegvesen tek kostnaden ved dette. SVV står for grunnverv for alt innanfor planområdet. Vestre Slidre kommunestyre ser det som tenleg om gang og sykkelveg innanfor planområde kan utførast samtidig med prosjektet og ynskjer at Vestre Slidre kommune og SVV/entreprenør inngår forhandling om kommunalt bidrag, for å kunne realisere dette samstundes. Den kommunale kostnaden og omfanget med gang og sykkelveg må seinare realitetsbehandlast i kommunestyret.

Forslag til vedtak: Samrøystes  
Tilleggsforslag 1: Samrøystes  
Forslag til vedtak med tillegg: Samrøystes

**KS- 027/20 Vedtak:**

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner fremlagt reguleringsplan for E16 Rønsvegen – Kongevegen, jfr plan- og bygningslova § 12-12. Kommunen fortutset at undergang ved Fosheimskryssset med tilhøyrande gangveg blir lagt inn i plankartet og ser det som heilt nødvendig at undergang blir bygd i samband med prosjektet. Kommunestyret meiner det er naturleg at Statens vegvesen tek kostnaden ved dette. SVV står for grunnverv for alt innanfor planområdet. Vestre Slidre kommunestyre ser det som tenleg om gang og sykkelveg innanfor planområde kan utførast samtidig med prosjektet og ynskjer at Vestre Slidre kommune og SVV/entreprenør inngår forhandling om kommunalt bidrag, for å kunne realisere dette samstundes. Den kommunale kostnaden og omfanget med gang og sykkelveg må seinare realitetsbehandlast i kommunestyret.